



SANDANGER ADVOKATFIRMA DA
v/Bendik Holstad

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2583 - 16/2693

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

01.02.2016

Svar på førespurnader vedkomande fleire forhold på gbnr 146/37 og 146/21 - gbnr 146/37 Fosse Ytre

Vi viser til dykkar brev datert 27.10.2015, 28.10.2015, 29.10.2015, 23.11.2015, 9.12.2015, 20.12.2015 m.v. der det vert tatt opp forhold kring drenering av veg som ligg på gbnr 146/4, Lindås kommune sin gildskap ved handsaminga av denne saka, klage på avslag på søknad om reduksjon av gebyr, dokumentasjon på privatrettslege høve i utsleppssak frå 2003 m.v.

1. Når det gjeld påstandar om at byggesak er ugild i saka, er dette vurdert av byggesak og Lindås kommune sin kommuneadvokat har gjort den endelege vurderinga. Konklusjonen til kommuneadvokaten er at byggesak er gild i denne saka. Sjå vedlagte notat.
2. Lindås kommune vil ikkje kommentere eventuelle svar som er gjeve i brev som er sendt mellom Malmqvist og Antoniazzi i denne saka, jf. e-post motteke 31.12.2015.
3. I saka som gjeld klage på avslag på søknad om gebyr, så vert denne oversendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg handsaming. Etter ein ny gjennomgang av saka, finn Lindås kommune at gebyret skal reduserast med kr. 7 500,-, då det er tatt eit dispensasjonsgebyr for mykje i saka. Vi beklagar dette. Ny faktura vert sendt tiltakshavar.
4. I forhold som gjeld drenering av veg vil Lindås kommune oppmode partane om å gå i dialog. Lindås kommune vil ikkje stille på synfaring på noverande tidspunkt. I ein byggesak er det den/dei som har ansvarsrett(ar) som er ansvarleg for at eit tiltak vert utført i samsvar med som går fram av byggeløyve og dei krav som går fram i gjeldande lov og forskrift.

E-post frå Bendik Holstad med vedlagt skaderapport er oversendt eigar av gbnr 146/21 til orientering og for eventuell uttale.

5. I e-post datert 9.12.2015 er det etterspurt dokumentasjon vedkomande kloakkrett på Malmqvist sin eigedom i utsleppssak frå 2003. Lindås kommune har ingen nye opplysningar vedkomande kloakkrett i denne saka.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Når det gjeld historikk i saka vedkomande utsleppsløyve vert det vist til det som er redegjort for historikk i Lindås kommune sitt saksframlegg datert 06.10.2009 i sak 2006/1084, sjå vedlegg. Som følge av at avløpsanlegget ikkje lot seg etablere som tiltenkt, vart det godkjent tett tank som ei mellombels løysing.

Det vart sendt inn ny søknad til Lindås kommune 20.02.2012 om utsleppsløyve og løyve til etablering av avløpsanlegg. Det vart gjeve rammeløyve på vilkår i vedtak datert 25.06.2012 og utsleppsløyve på vilkår i vedtak datert 25.06.2012. Desse vedtaka vart påklaga. Klagane vart handsama både av Fylkesmannen i Hordaland (04.04.2013) og av den kommunale klagenemnda (19.12.2012). Lindås kommune sine vedtak vart oppretthalde.

Det er seinare gjeve løyve til igangsetting av etablering av avløpsanlegg i vedtak datert 20.02.2015, og gjeve ferdigattest i vedtak datert 27.04.2015. Denne avløpsløysinga innber at heile anlegget ligg på eigen grunn. Det er sett strenge reinsekraft for avløpsanlegget.

6. Dersom ein ønskjer innsyn i sakspapira i dei ulike sakene, må det gå klart fram kva dokument ein ønskjer innsyn i, eventuelt kan det avtalast tid for å komma inn og ta kopi av dei dokumenta ein ønskjer. Det er ein stor dokumentmengde i sakene, og Lindås kommune har ikkje mulighet til å oversende alt elektronisk.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på pålegg om dokumentasjon av avløpsanlegg på gbnr 14621 (L)(291084)

Ferdigattest - GBNR 146/21 Fosse ytre - avlaupsanlegg

Igangsettingsløyve - gbnr 146/21 m fl Fosse Ytre - avløpsanlegg

Ber om vurdering av byggesak sin gildskap i handsaminga av sak på gbnr 14637 m.fl.

Kopi til:

Sivilombudsmannen

Postboks 3
Sentrum

0101

OSLO

Mottakarar:

SANDANGER ADVOKATFIRMA DA

Torill Vabø Malmquist